

Til redaksjonen



12. februar 2024

## Presseinvitasjon:

### Avduking av måleri av krigsseglar Nils Severin Økland.

**Torsdag 15. februar klokka 13.00 inviterer vi pressa til seremoni i anledning  
avduking av måleri av krigsseglar Nils Severin Økland (1915-2023).  
Stad: Vestlandssalen i Vestlandshuset.**

Til stades på avdukinga er:

Fylkesordførar Jon Askeland

Ordførar Marit Warncke, Bergen kommune

Oliver Berdal, sjef for Sjøforsvaret

Trygve Nøkleby, Bergens Rederiforening

Anne-Grete Strøm-Erichsen, tidlegare forsvarsminister og leiar for  
formidlingsprosjektet.

Ross Kolby, kunstnar

Familie og vener av Økland

m. fl.

Nils Severin Økland vart utrulege 108 år og døde 7. november 2023. Han var opphavleg frå Sveio i Sunnhordland, men var busett i Bergen frå 1955. Han tente på til saman ni skip i løpet av krigen, og segla på meir enn 50 konvoiar.

For å markere 80-årsjubileum for The Battle of the Atlantic (1943) og for å heidre dei norske krigsseglarane sin innsats, vart det i 2023 teke initiativ til å lage eit portrett av Økland.

Måleriet skal no henge permanent i Vestlandshuset for å fortelje historia om krigsseglarane under 2. verdskrig for nye generasjonar.

– Vi er stolte og audmjuke over å få lov til å huse Nils Severin Økland sitt portrett. Vi er djupt takknemleg for innsatsen som Severin og dei andre krigsseglarane gjorde for både Noreg og utfallet av krigen. Vi tek dei med oss og heidrar dei no med dette maleriet. Vi må aldri gløyme kva våre forfedrar ofra for landet, seier fylkesordførar Jon Askeland.

Portrettet av Økland vil henge i publikumsareala, og det vil vere mogleg for folk å sjå biletet i opningstida til Vestlandshuset.

Om kunstnaren:

Ross Kolby (f. 1970) har dei siste 12 åra måla ein serie portrett av sentrale personar under 2. verdskrig, blant andre Kong Haakon VII, Gunnar «Kjakan» Sørnsteby og Erling

Lorentzen. Kolby har også portrettert Dronning Elizabeth II, eit oppdrag som monarken personleg involverte seg i. Portretta er ein del av boka «Allies», om Noreg og Storbritannia sitt unike band under 2. verdskrig og i dag. Boka kjem i nytt opplag til sommaren, då også med portrettet av Nils Severin Økland.

#### Om Nils Severin Økland

Økland er tildelt Krigsmedaljen, Deltagermedaljen 9. april 1940 - 8. mai 1945, Haakon VIIIs 70-årsmedalje, Regjeringens minnemedalje, Convoy Cup Foundation og Camp Norway Foundation medaljane, fleire britiske utmerkingar samt den franske Æreslegionen.

I 2020, i ein alder av 105 år, gav han ut boka «Aldri gi opp», der han fortel om oppvekst og livet til sjøs i krig og fred. Les meir om Nils Severin Økland i [Krigsseilerregisteret](#).

#### Kontaktpersonar:

Fylkesordførar Jon Askeland – 47 45 97 20

Hilde Joranger Mæland, kommunikasjonssjef – 45 60 07 10